

Pressemelding
27. oktober 2009

Ny organisasjonsmodell

Styret i Helse Sunnmøre slutta seg i dag til framlegg til ny organisasjonsmodell for Helse Sunnmøre.

Helse Sunnmøre har sidan reforma i 2002 hatt ein svært flat organisasjonsmodell prega av mange avdelingar - og avdelingar med svært ulik storleik. I 2002 var dette eit bevisst val ved etableringa av Helse Sunnmøre. I ettertid er det berre gjort små endringar i organisasjonsmodellen.

Evalueringar har vist at modellen har mange gode sider, men det har og kome kritikk ut i frå at det har vore mange i direkte linje til direktør og dermed vanskeleg å få til eit leiarforum med stor påverknadskraft.

I samband med erfaringane vi har gjort gjennom m.a pasientflytprosjektet ser vi at det er behov for å gjere organisatoriske endringar i helseføretaket.

I arbeidsmiljøundersøkinga er det og avdekt sider ved leiarfunksjonane som kan betrast. Eit av verkemidla for å kunne få til t.d. meir fokus på endringsarbeid og kvalitetsarbeid, er å setje søkelyset nettopp på måten Helse Sunnmøre er organisert på.

Helseføretaket sine sentrale oppgåver er pasientbehandling, forskning, utdanning og opplæring av pasient og pårørande og førebygging. Organisasjonsmodellen skal bidra til at vi løyser desse oppgåvene på ein god måte. Vi ønskjer ein framtidig organisasjonsstruktur som legg vekt på pasientane sine behov og føretaket sine mål i forhold til pasientbehandling.

Arbeidet med ny organisasjonsmodell er ein del av arbeidet med strategi for Helse Sunnmøre.


Ny organisasjonsstruktur skal etablerast i to fasar:

Fase 1: Ein organisasjonsstruktur på overordna nivå eller makronivå med klinikkar/avdeling; og utarbeiding av føringar og overordna prinsipp for intern organisering av klinikkane/avdelingane.

Fase 2: Intern organisering av dei nye klinikkane/avdelingane og organisering av sentrale stab- og støttefunksjonar.

Vedtaket i dag gjeld fase 1. Det har vore gjort eit nøyte forarbeid gjennom ei prosjektgruppe bestående av leiarar og tillitsvalte. Adm.direktør har lagt vekt på ein open prosess og brukt interne informasjonskanalar til dette, det har og vore utført høyringsrundar internt i Helse Sunnmøre. -Dette har vore ein god prosess, seier styreleiar Marthe Styve Holte

Styret i Helse Sunnmøre vedtok i dag følgjande ny organisasjonsmodell for helseføretaket:



For ytterlegare informasjon:

Styreleiar Marthe Styve Holte, mobil 92264925

Adm. direktør Astrid J. Eidsvik, mobil 91772495

Komm.sjef Solveig Moe Frøland, mobil 92208089

